



Brev til tilsette i nye Ålesund kommune

Dato: 01.04.2019

Dette brevet sendast til alle som i dag er tilsett i Haram, Ørskog, Sandøy, Skodje og Ålesund kommune for å gje ei orientering om kva som no skjer med å avklare kva stilling den einskilde tilsette skal ha i den nye kommunen. Brevet er og ei generell melding om at dei som er tilsette, innplasserast i same stilling i den nye kommunen med utgangspunkt i same arbeidsavtale som i dag, med mindre dei er omfatta av dei unntaka som det er gjort greie for i brevet.

Innplassering som i noverande stilling

Tilsette i dei fem kommunane som ikkje inngår i dei unntaka som er lista nedanfor, blir med dette varsla om at dei vil ha same stilling i nye Ålesund kommune frå 1. januar 2020, med utgangspunkt i same arbeidsavtale som dei har i noverande kommune.

Denne store gruppa tilsette får ikkje formelt skriv om innsetting i stilling før til hausten. Då får dei eit formelt skriv om stilling i nye Ålesund kommune, og med eventuelle administrative endringar av stillingskodar og stillingsnamn. Det vil då og bli gitt melding om reservasjonsrett, og tilsendt ny arbeidsavtale. Endringar i stillingsnamn og kodar vil kunne skje for at det skal vere likt for alle i dei same stillingane i den nye kommunen, men utan at det gir endringar i stillingsinnhaldet av den grunn.

Unntak: Leiarar og tilsette i stabar

Ein del tilsette, i hovudsak leiarar og tilsette i stabar, vil kunne få endringar i si stilling. I samsvar med vedtatt [organisasjonsplan](#) (link), er det drøfta og vedtatt nye [bemanningsplanar](#) (link) for dei aktuelle stillingane.

Det pågår kartleggings- og omstillingssamtalar, og vurdering av aktuelle kandidatar i desse stillingane.

Dei som er omfatta av desse bemanningsplanane, har fått eller vil få, nærare informasjon frå ansvarleg stabs- eller kommunalsjef i den nye kommunen om eventuelle samtalar, samt melding om innplassering eller tilbod om ny stilling. Det er eit mål å gje melding om innplassering innan 1. april.

Det er behov for å bruke noko meir tid før endeleg tilbakemelding for nokre leiarar og stabstillingar. Ansvarleg leiar for dei ulike stabs- og kommunalområda i nye Ålesund vil gi oppdatert informasjon.

Unntak: Tilsette som er aktuelle i føretaka og kommunalområdet miljø, by- og stadutvikling

Innan kommunalområdet miljø, by- og stadutvikling, det kommunale egedomsføretaket, føretaka brann og redning, samt 110 sentralen, vil det ta lengre tid å få innplassert alle. Grunnen er at dei daglege leiarane i føretaka først blei tilsette 20. mars. I desse føretaka må det vedtakast ny organisasjonsplan, og bemanningsplanar med kriterier for innplassering i leiar og stabstillingar. Dette skal og drøftast med dei tillitsvalde.

Det blir no arbeid så raskt som mogleg med nødvendige prosessar for å få dette på plass. Innplasseringsprosessane vil bli koordinert mellom kommunalområde miljø, by og stadutvikling, og føretaka.

Også på desse områda vil dei fleste tilsette bli innplasserte i tilsvarande stilling som dei har i dag.

Dei ansvarlege på kommunalområdet, samt i føretaka vil gje oppdatert informasjon om framdrifta i dette arbeidet.

Når det gjeld ID-huset, så er dei innplasserte i sine stillingar. Prosessane med omsyn til innplassering av tilsette skjer i samsvar med dei [overordna retningslinjer for omstillingsprosess i etablering av nye Ålesund kommune \(link\)](#), lov og avtaleverk.

Velkommen som tilsett i den nye kommunen!

Astrid Eidsvik

Prosjektleder og rådmann i nye Ålesund